



Diakon Marja-Leena Steinbru er stolt over å ha så mange gode hjelparar i Diakongruppa.

I fotspora til Heilag Olav

Diakongruppa inviterer alle over 60 år med på mat- og kulturreise til Valldal.

Av Sindre Omenås

Dette er ei fantastisk ressursgruppe, seier diakon

Marja-Leena Steinbru. Det var ho som tok initiativ til å samle gode hjelparar då ho blei diakon for kyrkjelydane Stranda, Sunnlyven, Geiranger og Liabygda.

– Det er over tjue personar som møter til dei ulike sam-

lingane, som til dømes då eg inviterte til hageselskap på Ørskog, seier Steinbru.

Føredrag av Furset

No inviterer diakongruppa til felles tur til Valldal,

med visitt i kyrkja, matoppleving ved Jordbærstova og tut til Gudbrandjuvet.

Det er i fotspora til Heilag Olav, som i 1028, etter å ha «kasta sjøormen i Syltefjellet», gjekk opp dalen.

Dei som blir med på dags-

turen til Diakongruppa, får god innføring i historia om Heilag Olav av historikar og forfattar Astor Furset.

Det blir arrangert bilskyss frå alle bygdelaga, og første møte blir ved kyrkja i Valldal klokka 11.

– Vi kan også kome og hente dei som har problem med å kome seg til sentrum i dei ulike bygdelaga, seier Marja-Leena Steinbru.

Flotte treningsforhold

Med Geirangervegen open til Djupvasshytta er treningsforholda før vårens store motbakke-arrangement svært gode.

Av Herborg Bergaplass

Geiranger frå fjord til fjell, med ulike løp og ritt blir arrangert i pinsa.

Geirangevegen utgjør dei første 16 km av totalt 21 km frå Geirangerfjorden til Dalsnibba, som ein enten kan sykle, springe eller gå under motbakkearrangementet den 12. juni.

– Det er mykje snø i fjellet og høge brøytekantar langs vegen, melder motbakke-general Knut Arild Maråk og fortel om flotte treningsforhold.

– Vi fristar med dette alle motbakkeinteresserte til å ta ei treningshelg i Geiranger og oppleve løypa i sin finaste prakt. Frå fjorden kan du no sykle opp (med ski på ryggen?), jogge roleg eller ta bilen til Djupvasshytta og gå på ski heilt



Det går fint å sykle opp til Djupvasshytta med skia, og så gå på ski derfra til topps på Dalsnibba.

(Foto: Bente K. Flem)

til topps på Dalsnibba, seier Maråk. Han minner om å ta med tørre klede, for det kan bli kjøleg når ein er omslutta av all snøen.

Dei siste fem kilometrane av løypa, Djupvasshytta - Dalsnibba opnar i løpet av mai.

Påmeldingane til årets Geiranger frå fjord til fjell er gode ein måned før startskotet går. I Nibberittet er det deltakarbegrensing og

i underkant av hundre plassar ledig.

– Vi reknar med at desse vert fyllt opp før start, seier Knut Arild Maråk.

I Nibbeløpet21 (tidlegare Geiranger Halvmaraton) er påmeldinga meir internasjonal enn nokon gong. Nesten kvar fjerde av dei 130 påmeldte så langt er frå utlandet. Den mest fjerntliggjande påmelde bur i Alaska!



Høge brøytekantar, men bar veg. Det er gode treningsforhold på Geirangervegen.

(Foto: Bente K. Flem)